



Dato: 04.09.2013  
Stad: Gamleskulen  
Deltakarar: Kristian Bringedal, Jan Erik Olsson, Alf Hjørnevåg, Berit H Døssland, Andreas Tarberg  
Referent: Kristian Bringedal

### **Sak 26/2013 Møteaktivitet sidan sist**

Informasjon – Ingen merknader

### **Sak 27/2013 Kjellaren Gamleskulen**

- Nabovarsel er underskriven og godkjend – Arbeid kan ta til
- Vi vil ha toalett montert på vegg
- Prosjektbeskriving vert sendt kommunen som syner røming, utgåande dører, brannvarsling, høgde under taket, etasjeskiljar, kva lokalet skal nyttast til (maks antal personar)
- Finn vert spurt om kven som kan vera ansvarshavande
- Det vert sendt skriv til Sparebank 1 stiftinga om utsett oppstart
- Oppstart kabelgrøft langs veggen – vert grusa, ikkje oljegrus tilbake i traseen

### **Sak 28/2013 Konti – tilbod frå DNB**

Andreas Tarberg sa frå seg styrefunksjonen då han orienterte om DNB sine tilbod.

Vedtak: Det vert oppretta ein konto i DNB: 2 % rente, frie uttak, gratis nettbank, Visa kort, 3 brukarar: Alf, Jan Erik og evt. Leiar.

### **Sak 29/2013 Momskompensasjon Lotteritilsynet**

Ordninga er meir omfattande enn det vi hadde tenkt, jamvel om ein brukar dokumentert modell som skal vera enkel.

Det er sendt søknad innan fristen 1. september. Vedlegga manglar.

Alf ser på dette og vurderer om vi maktar å få ettersendt rekneark med oversikt